



Ann Kristin Leirvåg

Dato	Vår ref.	Deres ref.
05.05.2023	23/473 - 2	

### Høring - Oppdatering av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår

God fredag!

Kommunestyregruppene er inviterte til å gi tilbakemelding på nye satsar og reglar. Eg reknar med at de sender vidare rundt internt i kvart parti.

Tilbakemelding skal sendast til [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no), seinast torsdag 1. juni.

Sjå vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing  
Ketil Tjore

#### Mottakere:

Ann Kristin Leirvåg

Anne Dahle Austrheim

Aslak André Bakke

Bjørn Inge Dyrkolbotn

Britt Mary Skaalevik Lerøy

Gro Kaland

Gunn Berit Wiik Berg - Strilen

Gunnstein Sætre

Hardy Pedersen

Helge Dyrkolbotn

Idar Johan Hopland

Inger Lise Brekke

Inger Lise Brekke

Jan Erik Espelid

Lise Renate Helle

Marita Terese Bru

Monika Thorpe

Morten Håkon Sognnes

msog@rgsnord

Per Lerøy

Randi Keilegavlen Dyrøy

Reidar Ulvøy

Rikke Heldal Hope

Toril Lohne Hordvik

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/23	Formannskapet	PS	02.05.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-082, HistSak-19/621	23/473

## Oppdatering av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

### Vedlegg:

Forskrift - Folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune 2020

Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune 2023

### Framlegg til vedtak:

Formannskapet legg framlegget ut på høyring til partigruppene. Høyringsfristen vert sett til 4 veker, slik at denne saka kan komma tilbake til formannskapet 8. juni, og til vedtak i kommunestyret 22. juni.

Formannskapet gjev den tilbakemeldinga at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

### Formannskapet - 045/23 - 02.05.2023

### FS - behandling:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med den tilbakemeldinga frå formannskapet at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

### FS vedtak:

Formannskapet legg framlegget ut på høyring til partigruppene. Høyringsfristen vert sett til 4 veker, slik at denne saka kan komma tilbake til formannskapet 8. juni, og til vedtak i kommunestyret 22. juni.

Formannskapet gjev den tilbakemeldinga at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Gruppeleiarane gjorde i 2019 eit arbeid med å oppdatera satsane for godtgjering til folkevalde. Her var det lagt inn ein auke år for år fram til og med 2023.

I samband med at gruppeleiarane i januar/februar 2023 jobba med framlegg til utvalsmodellen, tok administrasjonen opp at det er behov for å oppdatera forskrifta for godtgjering til folkevalde. Både for å sikra at justeringar ikkje stoppar opp etter 2023, men også for å retta nokre uklare punkt der administrasjonen ser at dagens forskrift ikkje er presis nok.

I arbeidet med dette framlegget til forskrift har me sett til nabokommunen Alver, og erstatta faste satsar med prosentats av ordførar si godtgjering. Sidan ordførar si godtgjering blir justert årleg etter endringa for stortingsrepresentantar, får møtesatsane også årvis justering. Forskriftsendringa blir lagt fram no i vår, slik at dagens kommunestyre kan vedta dei satsane som skal gjelda for den neste flokken med folkevalde.

Satsane fastsette i 2019:

Gruppe:	2019:	2020:	2021:	2022:	2023:
Gruppe 1:	500	600	800	1000	1200
Gruppe 2:	400	500	600	700	800
Gruppe 3:	250	300	350	450	500
Gruppe 4:	150	200	250	300	300

### Vurdering

Endringane skal sikra at satsane jamt over har ei utvikling på linje med den generelle prisutviklinga i samfunnet elles. Satsane i Austrheim vil ligga under Alver med dette oppsettet.

Endringane skal vidare gjera det lettare å definera om ein er innanfor krava til godtgjering for tapt arbeidsforteneste og godtgjering for fridag, og slik gjera det både enklare og rettvist for representantane.

Medlem av kontrollutvalet er likestilt med medlem av kommunestyret.

### Økonomi

Det er ikkje lagt inn noko særleg auke i godtgjeringa. Men sidan det er lagt opp til årvis justering i samband med justeringa av godtgjeringa til ordførar vil utgiftene auka årleg, sannsynlegvis tilsvarande den vanlege prisauken.

Med den prosenten som er sett opp, vil eit medlem i kommunestyret i 2024 få 1400 kroner for eitt møte, opp frå 1200 i 2023.

Godtgjeringa til røykestyra vil auka noko. I dag er dette 1.200 kroner for valdagen, etter den nye forskrifta ville det vore om lag 2.000 kroner. Me ser at mange andre kommunar tar utgangspunkt i løn til fagarbeidar, eller fagarbeidar med 10 års ansiennitet. Med ei vakt på 10 timar vil det tilsvara høvesvis 1.995 kroner eller 2.299 kroner, utan noko overtidstillegg. Enkelte kommunar ligg også ein

god del over dette, for å klara å rekruttera medarbeidarar til røystestyra.

### **Konklusjon**

Om formannskapet legg framlegget ut på høyring til partigruppene i mai-møtet, er det mogleg å få saka tilbake til møtet i formannskapet 8. juni, og så få saka vedteken i kommunestyret 22. juni. Eventuelt kan kommunestyret (dagens representantar) gjera vedtaket i møtet 14. september.